



Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet
Det medisinske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Fakultet for kunst, musikk og design

Referanse

2017/14641-HEBJ

Dato

23.02.2018

NORPART Call for applications 2018

SIU lyser på nytt ut NORPART programmet med søknadsfrist 31. mai 2018 (NORPART Call for applications 2018). Det kan bli gitt prosjektstøtte på opptil 5 millionar NOK. Prosjektperioden er på fem år (2019-2023).

Det er ingen store endringar i programmet i forhold til forrige utlysing (2016), men denne gongen blir det ikkje lyst ut prosjektutviklingsstøtte. Det er også lagt noko større vekt på betydning av mobilitet, og at denne helst skal vere på minimum tre månader. Fokus skal vere på utdanningssamarbeid på masternivå, men det kan også brukast midlar til mobilitet på PhD-nivået.

I 'Selection criteria' er det lagt til eit punkt om at prosjekta (project design) vil bli vurdert på «the project's feasibility, including the feasibility of the plans for student mobility».

Studieadministrativ avdeling viser til [SIU](#) sine nettsider om programmet. UiB har også laga ei [ressursside](#) for programmet. For støtte i samband med utarbeiding av søknad, og studieadministrative forhold i samband med dette, så kan ein kontakte Ana Cordova (Ana.Cordova.uib.no) eller Helge Bjørlo (helge.bjorlo@uib.no) eller Kristin Svartveit (kristin.svartveit@uib.no).

I utlysinga (A.5 s 14) blir det tilrådt å laste opp 'Letter of Commitment' frå 'relevant leadership' til søknaden. Studieadministrativ avdeling legg til grunn at dette brevet må vere på fakultetsnivå, men ber om at SA blir halden informert om alle Norpart-søknader. SIU vil arrangere webinar om utlysinga 8. mars 13.00-14.00 (www.siu.no/norpart)

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

SA viser også til tidlegare brev om utlysinga (2017/14641).

Vennleg helsing

Ingvild Greve
underdirektør

Nina Gry Stein
seksjonsleiar